

Dramaturgi

Dramaturgi er strengt tatt læra om korleis ein byggjer opp eit klassisk drama, men blir gjerne brukt synonymt med komposisjon eller oppbygging. Ein spesialvariant er den såkalla Hollywood-modellen, som i detalj skildrar spenningsutviklinga i ei klassisk kurve. Metodikken kan brukast på alle typar skriftlege framstillingar òg. Ein må vite kva for innhaldselement som skal med, og i kva rekkefølge dei skal kome. Lesegleda er faktisk knytt til akkurat det.

Sjanger

Vi kunne like gjerne kalle det sjangerkunnskap. Tidsskrift flest har eit relativt fast sett med sjangrar, sjølv om det gjerne varierer ein del frå blad til blad. Her er nokre av dei viktigaste. Og sjølv om sjangerbrot både kan vere både elegant og nyskapande, er det likevel slik at dei fleste artiklar bør ha ei gjenkjenneleg form. Lesarar er vanedyr.

Kom godt i gang

Uansett sjanger er eit godt anslag nøkkelen til vidare lesing. Jo meir konkret og tydeleg inngangen er, jo større er sjansen for at lesaren blir hekta. Den danske vitskapsjournalisten Lone Frank opnar for eksempel ein artikkel om nanoteknologi med nokre ord om bygginga av Øresundsbrua. Slike bilete gjer lesarane nysgjerrige, og, rett brukt, gir dei også forstand. (sjå faktaark om leseinnngangar). Normalt bør ein artikkel starte med det ein trur er mest spennande og nytt for lesargruppa, så kan ein auke detaljeringsgraden, kompleksiteten og abstraksjonsnivået etter kvart.

Den vitskaplege artikkelen

Vitskapsartiklar har som oftast ei fast form. Det tar si tid før dei kjem til konklusjonar, men det er uproblematisk så lenge lesarane kjenner sjangeren. Normalt ser dei slik ut:

- Anslag (interessevekkjar)
- Forsknings spørsmål (kva var det vi ville finne ut?)
- Teori
- Metode
- Funn
- Drøfting
- Moglege konklusjonar
- Frampeik, neste steg

Kronikken

Kronikken er langt på veg den populariserte versjonen av vitskapsartikkelen, men skil seg klart frå morsjangeren ved at han ofte er polemisk, legg vekt på eit nyheitspoeng, er utan teoribelegg og har som mål å påverke. Sjangeren har fleire versjonar, men dette er den vanlegaste:

- Eit anslag (påstand, tema, problemstilling)
- Presentasjon (utdjuping, faktagrunnlag)
- Drøfting (argumentasjon, polemikk)
- Konklusjon (oppsummering, vegen vidare)

Kommentaren

Kommentaren skal først og fremst gi oversikt over eit saksområde og vise kva problemstillingar det representerer. Kommentaren har ikkje som mål å påverke, men å gi lesarane sjanse til å gjere seg opp si eiga mening. Derfor vil han ofte vere bygd opp slik:

- Dette er problemet
- Dette har skjedd
- Dette veit vi
- Dette er moglege løysingar eller synspunkt

Analysen

Medan kommentaren gir oversikt, skal analysen gi innsikt. Analysen legg vekt på forklaringar og fakta. Kvifor er det til dømes stadig nye svoltkatastrofar på Afrikas Horn? Grunnen kan vere manglande investeringar i infrastruktur (vegar og vatn), politiske motsetningar, etc. Desse skal så drøftast og forklarast.

Intervjuet

Intervjuet er både ei form og ein metode. Det har forvirra meir enn ein skribent. Intervjuet kan uttrykkjast i ei rekkje sjanrar:

Portrett: Det fremste formålet med eit portrett er å gjere lesarane betre kjende med ein person. Hovudvekta skal altså liggje på det som er typisk for personen, ikkje på kva vedkomande er eller gjer. Portrett flest er ekstremt sakorienterte. Då er det ikkje eit portrett.

Portrettforma er fri, men dei beste startar med noko som er karakteristisk for personen.

Når Jens M. Johansson portrettintervjuar Jonathan Frantzen, spør han først: «Kva er din favorittfugl?». Det gjer han fordi Frantzen er fuglekikkar. Dermed er det heile godt i gang.

Dei minst truverdige portrettintervjua er dei som berre tillegg personar positive eigenskapar. Slike er det mange av.

Det konfronterande intervjuet: Konfrontasjonar skal gjerast raskt og med korte spørsmål. Spørsmålsrekkefølga bør vere klar på førehand.

Sakintervjuet: Som over, men med større variasjon i spørsmål- og svarlengde. Bør ha lengre innslag av indirekte tale. Dette gjeld særleg når intervjuobjektet uttalar seg om fakta. Desse bør heller refererast enn siterast.

Profilen: Ein profil er ein presentasjon av ein person som av ein eller annan grunn er aktuell (ny bok, nytt forskingsprosjekt, e.l.). Profilen er ofte intervjubasert, men må også innehalde element av bakgrunns-kunnskap. Ein profil bør vere kort.

Playboy-intervjuet: Dette er ein lengre samtale om eit tema. Inneheld berre ein samtale, ingen refererte element. Forma krev autentisitet.